



Arkivnr: 2018/14672-6

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		16.01.2019
Fylkesutvalet		31.01.2019

Søknad frå Osbuss AS om fornying av ruteløyve for sightseeingbuss i Bergen sentrum**Samandrag**

Osbuss AS har søkt om fornying av deira løyve for sightseeingbussrute i Bergen sentrum, som dei har hatt sidan 29.06.09. Fylkesutvalet skal gjere vedtak i saka. Fylkesrådmannen finn at ruta dekkjer ei nisje i marknaden, og at det kan ha positive ringverknader. Fylkesrådmannen rår difor til at ruteløyvet vert fornya.

Økonomi: Ingen verknader.**Klima:** Ingen verknader.**Folkehelse:** Ingen verknader.**Regional planstrategi:** Ingen verknader.**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tildeler Osbuss AS, org.nr 990 024 898, ruteløyve for strekninga Bontelabo – Bryggen – Strandkaien – C. Sundts gate – Nordnesbakken – Haugeveien – Klostergaten – Engen – Nøstegaten – Nygårdshøyden – Strømgaten – Lars Hilles gate – Christies gate – Torget – Nye Sandviksveien – Nyhavn – Bontelabo. Ruteløyvet gjeld på vilkåra i punkt 3-6
2. Fylkesutvalet legg til grunn at Osbuss følgjer opp den planen for bruk av miljøvenleg vognmateriell som er skissert i løyvesøknaden.
3. Hordaland fylkeskommune kan, med varsel i rimeleg tid, påleggje Osbuss å endre rutetrase og bruk av haldeplassar, dersom trafikkale tilhøve tilseier dette.
4. Ruteløyvet gjeld sightseeingbussrute for passasjerar med rundturbillett.
5. Ruteløyvet gjeld drift etter reglane i diskriminerings- og likestillingslova og forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv.
6. Ruteløyvet gjeld drift med bruk av haldeplassar i samsvar med reglane i vegtrafikklova og skiltforskrifta. Stans for anna enn snøgg av- og påstigning må finne stad på plass godkjent av Hordaland fylkeskommune og vegeigar.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.12.2018

Bakgrunn

Administrasjonen har i brev av 26.08.18 motteke søknad frå Osbuss AS¹ om fornying av deira løyve for sightseeingbussrute i Bergen sentrum. Osbuss har hatt løyve for denne ruta sidan 29.06.09. Fylkesutvalet skal gjere vedtak i saka.

Søknaden

I søknaden heiter det m.a følgjande:

[...]

Ruten blir drevet som en såkalt hop on/off rundrute [...]. [...] Rundturen tar om lag 50 minutter.

Bontelabo er rutens start/endestasjon og dermed eneste sted der det foretas ruteregulering. Det er inngått avtale med Bergen Havnevesen om leie av to oppstillingsplasser. Hovedparten av passasjerene har dette som påstigning og der billett løses [...]. I tillegg har vi fra Bergen kommune blitt tildelt en lomme på Nøstet der cruisepassasjerer fra Dokken kommer inn med shuttle-buss. For øvrig er det avsatt plass utenfor Torghallen på Strandkaien med sted for påstigning og billettkjøp (Turistinformasjonen selger billetter) [...]. For begge plasser har vi salgssted utenfor bussen slik at påstigning skal skje [...] uten unødvendig opphold. [...]

Det benyttes offisielle busstopp gjennom sentrum, av- og påstigning skjer hurtig og til minst mulig sjenanse for øvrig rutegående trafikk.

Den nettopp avsluttede 2018 sesongen viser at vi i perioden 2. mai til 15. september samlet har hatt om lag 18.000 passasjerer.

[...]

Vårt utgangspunkt er at vår drift skal gi minst mulig luftforurensing i Bergen sentrum. [...]

Etter dette er det lagt fram ein konkret miljøplan, som m.a inneheld tiltak for mogleg overgang til fossilfri drift.

Det er planlagt eit takstnivå som ikkje er konkuransedyktig i høve til Skyss, med rabatt for familiar og for dei som har 'Bergenskortet'.

Det er planlagt framhald av neverande trasé, som er Bontelabo – Nordnes – Nygårdshøyden – Nyhavn - Bontelabo. Ruta vil stoppe ved døra til ein rekke turistattraksjonar frå Akvariet i sør til Norges Fiskerimuseum i nord.

Høyring

Administrasjonen har ikkje motteke fråseigner i høve saka.

Saksopplysningar

Det er i dag eitt anna selskap som har tilsvarande ruteløyve, Strømma Norge AS (tidlegare Open Top Sightseeing Norway AS). Ruta deira har noko annan trasé enn Osbuss, og kører berre i samband med anløp av cruiseskip.

Det har inntil nyleg vore eit tredje selskap som har hatt ruteløyve for sightseeingrute i Bergen, «turisttoget». Dette selskapet har avslutta drifta, men Jenny Hatlehol AS har varsla at dei vil starte oppatt ruta. Det kan gjerast utan ruteløyve, fordi det ikkje lengre er krav om løyve for ruter utført av køyretøy med maksimal hastigkeit på 40 km/t eller lågare, slik «turisttoget» har.

¹ Org.nr 990 024 898.

Dei andre turistbussane ein ser i Bergen sentrum kører utanfor rute, og kan difor køyre utan ruteløyve. Dei treng berre turvognløyve utførda av Statens vegvesen eller tilsvarande utanlandsk instans. Fylkeskommunen kan ikkje regulere denne transporten.

Trafikksituasjonen i Bergen sentrum er svært pressa. Det er også kapasitetsproblem på busshaldeplassane. Ein søker difor, som kjent, å få dei som kan det til å nytte kollektivtransport framfor privatbil. Turistbussrutene si fremste konkurranseflate er truleg mot gange. Skyss sine bussruter er ikkje lagt opp med tanke på turistar, og drosjetakstane er høgare i Norge enn det dei fleste turistande er vand med. Det er heller ikkje kapasitet på Skyss sine ruter til å ta unna den transporten som i dag vert utført med kommersielle turistbussruter.

Fylkesrådmannen si vurdering

Turistbussrutene si konkurranseflate er mot fragmenter i transportsystemet i Bergen, og ikkje mot transport tilrettelagt for besøk på mange turistattraksjonar. Utan slike ruter som den omsøkte, kan det tenkast at spesielt turistane frå cruiseskip ikkje rekk innom så mange turistattraksjonar som dei gjer i dag. Den omsøkte ruta dekkjer såleis ei nisje i marknaden. Fylkesrådmannen vurderer dette som eit nyttig supplement til Skyss sine ruter, og ser ikkje bort i frå at det har positiv effekt på turistattraksjonane som sightseeingruta stopper ved. Fylkesrådmannen er såleis positiv til søknaden frå Osbuss.

Den omsøkte ruta har ikkje same trasé som den andre noverande operatøren kører, eller som Jenny Hatlehol AS planlegg å ta i bruk. Ruta som det no vert søkt om fornya ruteløyve for er såleis ikkje i direkte konkurranse med dei andre rutene. Fylkesrådmannen har i tidlegare saker omtalt effektane av konkurranse innanfor den kommersielle kollektivtransportmarknaden, og gjer det også i ei annan ruteløyvesak som vert lagt fram i dette møtet.

På grunn av den stadig meir pressa trafikk- og haldeplassituasjonen i Bergen sentrum, finn fylkesrådmannen det tenleg at rutetraseane for dei einskilde ruteløyva i dette området vert tydeleg spesifisert og tilpassa Skyss sitt behov. Forslaget til spesifisering i fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling er i samsvar med søknaden frå Osbuss. Selskapa som har ruteløyve kan når som helst søkje om endring av rutetraseen, dersom dei skulle ønske dette. Administrasjonen har fullmakt til å handsame søknader om mindre endringar.

Etter fylkesrådmannen si vurdering bør ein frå no av, på grunn av trafikkpresset, også setje som vilkår for ruter som trafikkerer Bergen sentrum, at fylkeskommunen kan gje pålegg om endring av rutetrasé og bruk av haldeplassar, når trafikkale tilhøve tilseier det.

Då Osbuss i sin søknad er tydeleg på at dei har høge ambisjonar for miljøvenleg drift, rår fylkesrådmannen til at ein i denne saka held seg til å leggje til grunn at Osbuss følgjer opp sin plan for miljøvenleg drift. Løyvevilkåra bør elles, av omsynet til likskap i forvaltninga, vere like dei som den andre aktøren i marknaden har.

På bakgrunn av vurderinga over, rår fylkesrådmannen til at søknaden frå Osbuss AS vert imøtekomen på dei vilkår som er omtalt i saka og konkretisert i forslaget til innstilling.